



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Anniken Friis, 5557 2313
Magnus J. Steinsvåg, 5557 2325

Vår dato
08.12.2016
Dykkar dato
10.11.2016

Vår referanse
2016/14480 563
Dykkar referanse
16/5237

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Uttale til søknad om konsesjon til bygging av ny 132 kV kraftline mellom Kjønnagard og Myrkdalen i Voss kommune

Søknaden manglar utfyllande konsekvensanalyse. Omtale av landskap og friluftsliv er mangelfull. Ut frå informasjon som går fram av søknaden vil Fylkesmannen tilrå ein variant av hovudalternativ 2.

Vi viser til konsesjonssøknad frå Voss Energi om bygging av ny 132 kV kraftline mellom Kjønnagard og Myrkdalen i Voss. Dagens 22 kV line i fram til Myrkdalen Fjellandsby er for lita til å oppretthalde sikker kraftforsyning, sett i lys av dagens situasjon og framtidig utbygging i området. Søkjar meiner det er nødvendig å auke overføringskapasiteten og sikre dublert kraftline til Myrkdalen.

Ny 132 kV line skal etter planane gå frå den ny trafostasjonen som skal byggjast på Kjønnagard (konsesjon gitt i 2015) fram til ny 132/22 kV trafostasjon i Myrkdalen. Denne stasjonen inngår i dagens områdekonsesjon. Inntil vidare vil lina bli dreven med 22 kV spenning.

I prosessen har søkjar vurdert 4 hovudalternativ, der alternativ 1 og 4 ikkje er omsøkte. Traseval gjennom Oppheimsdalen er forkasta grunna friluftsliv- og opplevingsverdiane i dalføret, og alternativ gjennom Ulvund er forkasta på grunn av kulturlandskapsverdiane her.

Søkjar står att med 6 variantar av hovudalternativ 2 og 3, der alle går via Nesheim til Myrkdalen. Nokre delstrekningar er felles for alle alternativa. Vurdert ut frå lineføring, inngrep, konflikt, nærføring og omsyn til drift og vedlikehald har søkjar prioritert to dei to hovudalternativa i følgjande rekkefølge:

Variantar over alternativ 2: 2AI/2BI/2AII/2BII Lengde 11,43 k – 11,53 km
Variantar over alternativ 3: 3I/3II Lengde 11,06 -11,10 km

Alternativ 2 går i skogslia på nordsida av Myrkdalsvatnet. Alternativ 3 går høgare opp mot Svolefjellet, til om lag 800 moh.

Det blir master av tre, med plane lineoppheng og nedhengjande isolatorar. Slik vi forstår søknaden kan lina få to over overliggjande jordliner på stader ved innføringa mot dei to trafostasjonane.

Søkjar sin omtale av verknader for naturmangfald og friluftsliv

Biologisk mangfald

Konflikt mellom kraftliner og fugl er knytt til elektrokusjon med større fuglar. Dette problemet er likevel størst på liner med lågare spenningsnivå. For ein 132 kV line er det kollisjon mellom fugl og line som utgjer størst fare. Det beste er difor om lina går gjennom skog og har master som ikkje er høgare enn tretoppene. Søkjar vil eventuelt montere fugleavvisarar på lina i område med registrerte trekruter for fugl og på stader der lina kryssar dalføre eller vatn og vassdrag. Dette vil bli omtalt i Miljø, transport- og anleggsplanen som skal godkjennast av NVE før bygginga tek til.

Det er gjort registrering av hekkande rovfugl på strekninga Kjønnergard-Øyvjord-Bidne. Søkjar meiner at alternativ II vil vere minst konfliktfyllt i denne del av traseen.

Følgjande naturtyper er registrert i området:

- Øyaberget: sørvendte berg og rasmark. Alle alternativ går ovanfor førekomsten.
- Ulvund slåttemarksområde: Alternativa er lagt utanfor førekomsten.
- Nesheim: gråor- heggeskog. Alternativ 1A og 2B går gjennom søre del av førekomsten.

Større samanhengande naturområde

Lina til føre til bortfall av INON-område i sone 2 på to stader. Omfanget vil avhenge av alternativ. Det som gjer størst utfall er val av alternativ 3 øvst mot Svolefjellet og alternativ I i søre del, som fører til bortfall av over 820 dekar inngrepsfri natur.

Tabell 8. Oversikt over tapt INON ny 132 kV ledning Kjønnergard - Myrkdalen

Trasealternativ	Tap areal [daa]
Alt 2-AI	32,6
Alt 2-BI	32,6
Alt 3-I	821,6
Alt 2-AII	26,3
Alt 2-BII	26,3
Alt 3-II	815,3

Friluftsliv og opplevingsverdi

Lina vil verke negativt inn på landskap og opplevingsverdi i turområda der lina skal krysse. I følgjande område finst etablerte og mykje nytta turstier:

- Oppheim – Lemme. Kryssing. Både alternativ I og II går i eit område med tidlegare landskapsinngrep
- Ulvund – Vinje kyrkje, og fleire stiar knytt til denne (gamal kyrkjeveg som har vore i bruk år 1100 – om lag år 1700). Alternativ 2 og 3 vil krysse dei gamle kyrkjevegane fleire stader, men med særleg nærføring i området Vinje – Ulvundstølane.
- Stiar til Svolefjellet.

Fylkesmannens merknader

Fylkesmannen er samd med søkjar i at hovudalternativ 1 gjennom Ulvund og hovudalternativ 4 gjennom Oppheimsdalen ikkje bør utgreiast nærare.

Dei omsøkte traseane manglar utfyllande konsekvensanalyse. Registrerte interesser er omtala utan at det er gjennomført ei systematisk vurdering av konsekvensane ved val av dei ulike alternativa. Til dømes er eventuell konflikt med gråor- og heggeskog ikkje synleggjort i søknaden.

Temaet landskap har lite fokus. Fylkesmannen saknar foto eller andre forsøk på å visualisere inngrepa. Friluftsiinteressene er berre omtala ved å kopiere skilt som er sett opp i området. Ein har ikkje referert til moglege registreringar eller verdsetting av område nytta til friluftsliv. Vi meiner at søknaden er utilstrekkeleg på tema landskap og friluftsliv.

Etter vår vurdering vil truleg alternativ 2 vere betre enn alternativ 3, då denne går høgare til fjells og blir meir synleg i landskapet. Vi har då lagt vekt på landskap og tal for tap av større samanhengande naturområde.

Omsyn til fugl bør vektleggjast, ut frå kunnskap om viktige trekkområde eller andre viktige funksjonar for fugl i området. Truleg bør området kartleggjast meir for å få betre grunnlag for bruk av avbøtande tiltak. Særleg bør ein vurdere om planlagt mastetype med overliggjande jordliner kan auke fare for kollisjonar, jf. krav i naturmangfaldlova § 12 om å nytte mest mogleg miljøforsvarlege teknikkar, og eventuell bruk av sitjepinnar og fugleavvisarar. Sjå og brosjyra [Fugl og kraftledninger](#).

Konklusjon

Ut frå kunnskap som går fram av søknaden meiner Fylkesmannen at ein variant over alternativ 2 bør difor prioriterast høgare enn alternativ 3.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljøvernssjef

Anniken Friis
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Voss kommune	Postboks 145	5701	Voss